



Forfattaren Kjell Magnus Økland (f. 1977) er utdanna cand.mag. frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitskap, historie og mediefag. Han har arbeidd som journalist og historikar. Økland er oppvaksten med kappsegling med Oselvar og har sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990. FOTO: DAMON WHITTERMORE

Har skrive bok om Oselvaren

Kjell Magnus Økland er nærast oppvaksten i ein Oselvar. No kjem boka.

MAGNE KYDLAND
magne@sunnhordland.no

Oselvaren er Norge sin nasjonalbåt og vart i 2015 nominert til UNESCO-lista for gode vernepraksisar i immaterielt kulturvern av Det Norske Kulturdepartementet. I samband med dette gir Skald forlag og Oselvarklubben ut boka «Oselvar – den levande båten».

Høg puls og adrenalin

– Denne tradisjonelle klinkbygde trebåten har vore i bruk i mange hundre år langs den sørvestlandske kyststripa, og båttypen har røter fleire tusen år tilbake. Oselvar-omgrepet stammar frå Os i Hordaland. Båten har vore mest vanleg som bruksbåt frå Ryvarden i sør til Sognefjorden i nord, men ein finn døme på bruk langs heile Norskekysten, på Shetland og på Orknøyane. Oselvaren har i tillegg vore nytta som sportsbåt heilt ifrå 1800-talet, og er i dag framleis nytta som fritidsbåt, hei-

ter det i ei pressemelding frå forlaget.

Til skilnad frå mange andre tradisjonsbåtar er Oselvaren ein båt med levande byggje- og brukstradisjon. Privatpersonar kan tinga seg ein heilt ny båt, og det vert arrangert ei rad regattaer med Oselvar-NM som det årlege høgdepunktet. Det vert stadig arrangert kurs i båtbruk og stell av ei rekkje lag og organisasjonar som arbeider aktivt for å videreføra den handlingsborne kunnskapen.

– Noko av nøkkelen til at Oselvaren framleis er så aktuell heng saman med at båttypen, både for årer, segl og motor, har alle dei kvalitetane nymotens båtbrosjyrar lovpriser. Oselvaren er

sjødyktig, trallbar, letthandterleg, turvennleg og fleksibel. Med nokolunde stell varer båtane svært lenge, og same båten kan gje nær-sjødn-opplevingar til både to, tre og fire generasjonar båtbrukarar. Det må jo vera ei fornuftig investering i livskvalitet, forklarar forfatter, Kjell Magnus Økland.

Men treng me framleis Oselvaren i dagens moderne samfunn?

– Ja, sjølv sagt gjer me det. Me treng å vita kvar me kjem frå for å ta gode val om kvar me skal. Dei klinkbygde båtane er berkraftige produkt som byr på opplevingar for alle sansane. Det tilfører dessutan meining og innhald til eit produkt når du veit at

materialane er lokale, at handverkarane skreddarsyr båtane og utstyret til dei. Oselvaren byr deg med på opplevingar gjennom heile livet: Barna som lærer å ro, ungdomane som lærer å segla, høg puls for dei som jaktar på adrenalin-opplevingar eller langsam doring for dei som vil roa ned. Båten er ein arena for livslang læring der du er aktør og ikkje tilskodar, utdjuvar forfattaren, som opphavleg kjem frå Tysnes.

Kunnskapsbank

Boka utgjer den første samla framstillinga av mangfaldet i Oselvarens historie, og presenterer eit variert historisk og teknisk materiale i populærvitskapleg form. Mykje

av dette stoffet har ikkje tidlegare vore publisert. Boka inneheld tekst, gamle og nye fotografi, tabellar, kart, figurar og teikningar. Vidare rommar boka folkloristisk stoff med eit stort persongalleri i tillegg til ei rekkje element kring immateriell kulturarv og handlingsborne kunnskap.

– Boka speglar kyst-, idretts- og folkekulturen på Vestlandet gjennom fleire hundreår, med avstikkarar langs heile Norskekysten og til utlandet. Fokuset i boka er òg framover i tid, med praktiske råd til nye båtbrukarar. Ho er med andre ord ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk for både den nyfikne og for fagpersonar, heiter det i pressemeldinga.



Dokketeater for dei minste

TEATER: Fitjar folkebibliotek og Fitjar kultur og idrettsbygg inviterer til dokketeater førstkommande fredag.

– Rebusløpet er eit ellevilt dokketeater basert på biletbøkene om «Reven og grisungen» av Bjørn F. Røyrvik. Teateret passar best for barn mellom 3–9 år, opplyser biblioteksjef Silje Vågen Torbjørnsen.

Rebusløpet er historia om reven og den retthala grisungen som får nyss om dåsemiklane sitt store rebusløp. Dei vil gjerne vera med, og blir etter kvart godtatt som deltakara, men rebusløpet er krevjande saker; spesielt når ein må svare på vanskelege spørsmål og finne sjeldne dyr; spesielt når ein veldig gjerne vil vinne førstegevinsten – ein svingstol.